



KSK-notat nr.: 72/2013 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Kolåsåna Kraft SUS/Kolåsåna kraftverk		
Fylke/kommune:	Hordaland/Odda		
Ansvarleg:	Øystein Grundt	Sign:	
Sakshandsamar:	Silje Aakre Solheim	Sign.:	
Dato:	26 NOV 2013		
Vår ref.:	NVE 200900833 - 23		

Søknad om løyve til Kolåsåna kraftverk i Odda kommune, Hordaland fylke

Innhald

Samandrag	1
Søknad	3
Høyring og distriktsbehandling	6
NVEs vurdering	9
NVEs konklusjon	12
Forholdet til anna lovverk	13
Merknadar til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova	14
Andre forhold	16
Vedlegg	16

Samandrag

Søknaden frå Kolåsåna Kraft SUS gjeld løyve etter § 8 i vassressurslova til bygging av Kolåsåna kraftverk. Det er vidare søkt om løyve etter energilova til bygging og drift av Kolåsåna kraftverk.

Det skal etablerast dam og inntak i Kolåsåna og Stølsåna. I begge elvane vil inntaka ligge på kote 660. Frå inntaka går røyrgate som nedgravne røyr. Frå ca. kote 550 vil dei to vassvegane bli samla i ei felles røyrgate. Kraftstasjon er planlagt på ca. kote 354 midt mellom Kolåsåna og Stølsåna sine utløp til Brattlandsdalsåna. Kolåsåna kraftverk er planlagt med ein installert effekt på 2,1 MW, noko som i følgje søkar vil gje ein produksjon på 6,2 GWh/år.

Som tilkomst til stasjonsområdet skal avkøyrsl frå RV13 nyttast. Denne må forsterkast noko. Det er planlagt midlertidig anleggsveg i røyrgate fram til inntaka både i Stølsåna og Kolåsåna. For nettilknytning er det planlagt ein 70 m lang jordkabel fram til eksisterande 22 kV-linje.

Odda kommune tilrår konsesjon som omsøkt med føresetnad om oppfølging av dei avbøtande tiltak som er nemnt i søknaden. **Fylkesmannen i Hordaland** meiner utbygginga er planlagt i eit område med gode lokale kvalitetar. Utbygginga vil påverke to viktige vassdragsstrengar og omsynet til

friluftsliv er dårleg dokumentert i søknaden. Fylkesmannen ber NVE legge vekt på omsynet til urørt natur og ein langsiktig forvaltning av natur- og landskapsverdiane i området. **Hordaland fylkeskommune** meiner at utbygginga ikkje er i konflikt med viktige regionale interesser. Undersøkingsplikt etter § 9 i kulturminnelova må gjennomførast. Det må vurderast avbøtande tiltak for hekkande fossefall. Utbygginga må gjennomførast utan permanente vegar utover tilkomst til kraftstasjon. **Statens vegvesen** viser til den generelle byggegrensa på 50 m langs rv. 13.

Ei utbygging etter omsøkt plan vil gje om lag 6,2 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon. Dette er ein produksjon som er vanleg for småkraftverk. Sjølv om dette isolert sett ikkje er eit vesentlig bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjer småkraftverk samla sett ein stor del av ny tilgang dei seinare år. Dei to siste åra har NVE klarert om lag 1,9 TWh ny energi frå småkraftverk. Dei konsesjonsgeivne tiltaka vil vere eit bidrag i den politiske satsinga på småkraftverk, og satsinga på fornybar energi.

Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til kraftverket må ikkje verknadane bryte med dei føringane som er gjeve i Olje- og energidepartementet sine retningslinjer for utbygging av små kraftverk. Vidare må dei samla ulempene ikkje vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. NVE kan setje krav om avbøtande tiltak som del av konsesjonsvilkåra for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

Etter NVE si vurdering vil den viktigaste negative konsekvensen av det omsøkte tiltaket vere fråføring av vatn frå to elver. Det er ingen store interesser innan biologisk mangfald, landskap, friluftsliv, kulturminne eller anna i det aktuelle området. Vi meiner difor at med tilstrekkeleg minstevassføring og skånsam anleggsdrift vil tiltaket kunne akseptrast.

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Kolåsåna Kraft SUS løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Kolåsåna kraftverk. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Søknad

NVE har mottatte følgjande søknad frå Clemens Elvekraft AS, datert 07.03.2013:

"Grunneiere ønsker å utnytte vannfallet i elvene Kolåsåna og Stølsåna i Odda kommune i Hordaland fylke, og søker herved om følgende tillatelser:

I. Etter vannressursloven, jf. § 8, om tillatelse til:

- å bygge Kolåsåna/Stølsåna kraftstasjon i Odda Kommune, Hordaland*

II. Etter energilova om tillatelse til:

- bygging og drift av Kolåsåna kraftverk, med tilhørende koblingsanlegg og kraftlinjer som beskrevet i søknaden.*

Nødvendige opplysninger om tiltaket fremgår av vedlagte utredning."

Kolåsåna kraftverk, endeleg omsøkte hovuddata

TILSIG		Kolåsåna kraftverk	Kolåsåna	Stølsåna
Nedbørfelt	km ²	5	3,75	1,3
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	13,5	9,8	3,6
Spesifikk avrenning	l/s/km ²		83	89
Middelvassføring	l/s	427	311	116
Alminneleg lågvassføring	l/s		19	7
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s		42	16
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s		18	7
Restvassføring ved kraftstasjon	l/s		36	23
KRAFTVERK				
Inntak	moh.	660	660	660
Avlaup	moh.	354		
Lengde på berørt elvestrekning	m		1200	860
Brutto fallhøgde	m	306		
Midlare energiekvivalent	kWh/m ³	0,66		
Slukeevne, maks	l/s	850	620	230
Slukeevne, min	l/s	40	30	10
Tilløpsrøyr, diameter	mm	650	550	350
Tilløpsrøyr/tunell, lengde	m	1500	1100	400
Installert effekt, maks	MW	2,1		
Brukstid	timar	2945		
PRODUKSJON				
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	4,0	2,92	1,10
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	2,2	1,63	0,62
Produksjon, årleg middel	GWh	6,2	4,45	1,72
ØKONOMI				
Utbyggingskostnad	mill.kr	30,7		
Utbyggingspris	kr/kWh	4,96		

Kolåsåna kraftverk, elektriske anlegg

GENERATOR

Yting	MVA	2,5
Spenning	kV	0,69

TRANSFORMATOR

Yting	MVA	2,5
Omsetning	kV/kV	0,69/22

NETTILKNYTING (kraftlinjer/kablar)

Lengde	m	70
Nominell spenning	kV	22
Luftlinje el. jordkabel		Jordkabel

Om søkjar

Tiltakshavar for Kolåsåna kraftverk er Kolåsåna Kraft SUS. Dette selskapet blir eit samarbeid mellom Clemens Elvekraft AS og grunneigarane.

Skildring av området

Kolåsåna og Stølsåna ligg i Røldal i Odda kommune. Kolåsåna har sitt utspring frå eit namnlaust vatn på 940 moh. Elva renn i sørleg retning gjennom Hegerlandsdalen. Stølsåna har sitt utspring på ca. 1151 moh i Øykjaskaret. Elva renn i sørvestleg retning. Begge elvene munnar ut i Brattlandsdalåa som er sterkt regulert gjennom drift av kraftverket Suldal II. Den sørvestvendte lia som elvene renn nedover er stort sett dekt av lauv- og blandingsskog. Begge elvene har eit jamt fall med mindre fossar og stryk. Elvebotn består stort sett av grov stein og noko bart fjell. Gjennom Brattlandsdalen går Rv13 mellom Håra og Suldal. Like ovanfor planlagt kraftstasjon går det ei 22 kV-linje. I området like ovanfor stasjonsområdet er det nokre mindre jordlappar med dyrka mark. Her ligg det også nokre mindre hus, som er fråflytta. Næraste heilårsbustad tilhøyrrer ein av grunneigarane i prosjektet. Fem kraftverk er i dag i drift i Røldal, ytterlegare fire har fått konsesjon, medan sju søknadar er inne hjå NVE. Ingen av desse er i umiddelbar nærleik til Kolåsåna kraftverk.

Teknisk plan*Inntak*

Det skal etablerast eitt inntak i kvar av Stølselva og Kolåsåna. Begge på kote 660. Det er planlagt å nytte coandainntak for å minimere nødvendig vedlikehald som følgje av lauv og anna rusk i inntaksdammen.

Røyrgate

Frå inntaket i Kolåsåna skal ein nytte 550 mm GRP-røyr i ca 500 m, fram til samankopling med røyrgate frå Stølsåna på kote 550. Frå inntaket i Stølsåna skal det nyttast 350 mm røyr i ca 400 m fram til samankoplinga. Her i frå nyttast 650 mm duktile stålrøyr i ei lengde på 600 m fram til kraftstasjonen på kote 354. Røyrgate skal gravast ned heile vegen.

Kraftstasjon

Kraftstasjonen er omsøkt plassert på kote 354, midt mellom Kolåsåna og Stølsåna sine utløp til Brattlandsdalåna. Bygningen vil få ei grunnflate på om lag 100 m². Som avløp frå kraftstasjonen skal

det lagast ein kort, steinsett avløpskanal som slepp avløpsvatnet ut i Brattlandsdalåna. Kraftverket vil få ein installert effekt på 2,1 MW. Generatoren får ei yteevne på 2,5 MVA og spenning på 0,69 kV. Transformatoren skal ha ei yteevne på 2,5 MVA og med omsetning på 0,69 kV/22 kV.

Nettilknytning

Tilknytning til eksisterande 22 kV-linje er planlagt gjennom ein 70 m lang jordkabel. Områdekonsesjonær Odda Energi har uttalt at 22 kV-nettet treng betydeleg forsterkning. Det er også behov for eit nytt transformatoranlegg mot sentralnettet. Dette må i stor grad finansierast ved hjelp av anleggsbidrag. Dette er teke med i kostnadsberekningane for Kolåsåna kraftverk.

Vegar

Som tilkomst til stasjons-/riggområdet skal ein nytte avkøyrsla frå Rv13. Denne vegen må oppgraderast noko. Frå stasjonsområdet er det planlagt anleggsveg i røyrgetetraseen. Denne vegen vil bli 4 m brei. Denne vegen skal i følge søkar vere midlertidig.

Massetak og deponi

Det er i følge søknaden ikkje behov for massetak og deponi i dette prosjektet.

Arealbruk

Det er i følge søknaden eit midlertidig arealbehov på 45,2 daa. 8,2 daa av desse blir permanent i form av areal til kraftstasjon, anleggsveg, tilkomst til kraftstasjon og inntak.

Forholdet til offentlege planar

Kommuneplan

Området er avsett som LNF-område i kommuneplanen.

Samla plan (SP)

Kolåsåna og Stølsåna er ikkje behandla i Samla plan.

Verneplan for vassdrag

Vassdraget er ikkje verna.

Inngrepsfrie område (INON)

Tiltaket vil føret til eit bortfall av 1,9 km² inngrepsfri natur i sone 2. Dette utgjer 8,6 % av eit samanhengande INON-område av middels verdi.

Nasjonale laksevassdrag

Ikkje aktuelt.

Fylkesvise og kommunale planar for småkraftverk

Odda kommune har utarbeidd kommunedelplan for energi og vassdrag. I denne er vassdraga plassert i tre kategoriar *Raud sone* der kommunen ikkje vil tillate utbygging, *gul sone* der ein kan vurdere utbygging og *grøn sone* der kommunen meiner utbygging vil vere uproblematisk. Kolåsåna og Stølsåna ligg i *grøn sone*.

I Hordaland er det også utarbeidd ein fylkesdelplan for små vasskraftverk. I denne er det aktuelle prosjektet plassert i region Røldal. For denne regionen er det mellom anna presisert at ved vurdering av nye søknadar må ein ta omsyn til at mykje av vassdragsnaturen allereie er påverka av vasskraftutbygging.

Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar, samt involverte partar for uttale. NVE var på synfaring i området den 12.9.2013 saman med representantar for tiltakshavar og Fylkesmannen. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

Høyringspartane sine eigne oppsummeringar er referert der slike finnst. Andre uttalar er forkorta av saksbehandlar. Fullstendige uttalar er tilgjengelege via offentleg postjournal og/eller NVE sine nettsider. NVE har motteke følgjande kommentarar til søknaden:

Odda kommune ” *tilrår at det gis konsesjon for utbygging som omsøkt av Kolåsåna og Stølåna forutsatt oppfølging av de avbøtende tiltakene som er nevnt i søknaden.* ”

Fylkesmannen i Hordaland

” *Friluftsliv er dårlig dokumentert i søknaden. Fylkesmannen ber NVE vektlegge hensynet til urørt natur og en langsiktig forvaltning av natur- og landskapsverdiene i området. Det er ikke registrert verdifulle naturtyper eller rødlistearter i influensområdet.* ”

Hordaland fylkeskommune

1. ” *Utbygginga er ikkje i konflikt med viktige regionale interesser med dei avbøtande tiltaka som er nemnde.*
2. *Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.*
3. *Kulturminne og vurderinga av temaet er mangelfull. NVE bør be om utfyllande informasjon slik at tema er tilstrekkeleg utgreidd.*
4. *Omsyn til levetilhøva for fossefall i område med mange utbyggingar er viktig. Fylkesutvalet rår til at særlege avbøtande tiltak vert vurderte slik at området er eigna til hekking for fossefall også etter utbygging.*
5. *Ein skal gjennomføre utbygginga på ein diskret måte og ikkje etablere permanente vegar utover tilkomstveg til kraftstasjon, for å redusere dei negative sumeffektane omfattande utbyggingsplanar av småkraft i nærleiken får på landskapet i området.* ”

Statens vegvesen peiker på følgjande forhold:

- ” *Det er en generell byggegrense på 50 meter langs rv. 13 dersom det ikke er regulert for annet.*
- *I rammeplan for avkjørsler er rv. 13 klassifisert som veg med svært streng holdning, som bl.a. innebærer at "nye avkjørsler og utvida bruk av eksisterende avkjørsler blir godkjent etter reguleringsplan eller godkjent detaljplan etter veglova".*
- *Ev. kryssing av rv. 13 med kraftlinjer.* ”

Søkjar sine kommentarar til høyringsuttalane

"Fylkesmannen i Hordaland uttaler, gjengitt i kursiv:

Konklusjon

Utbygginga er planlagt i et område med gode lokale kvaliteter. Utbyggingen vil berøre to viktige vassdragsstrenger og omsynet til friluftsliv er dårlig dokumentert i søknaden. Fylkesmannen ber NVE vektlegge hensynet til urørt natur og en langsiktig forvaltning av natur- og landskapsverdiene i området.

Tiltakshavers kommentar:

Tiltakshaver tar Fylkesmannens konklusjon til etterretning.

Hordaland fylkeskommune uttaler:

Fylkesutvalet i Hordaland handsama saka på møte 24.05.2013 og gjorde følgjande vedtak om fråsegn:

- 1. Utbygginga er ikkje i konflikt med viktige regionale interesser med dei avbøtande tiltaka som er nemnde.*
- 2. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.*
- 3. Kulturminne og vurderinga av temaet er mangelfull. NVE bør be om utfyllande informasjon slik at tema er tilstrekkeleg utgreidd.*
- 4. Omsyn til levetilhøva for fossefall i område med mange utbyggingar er viktig. Fylkesutvalet rår til at særlege avbøtande tiltak vert vurderte slik at området er eigna til hekking for fossefall også etter utbygging.*
- 5. Ein skal gjennomføre utbygginga på ein diskret måte og ikkje etablere permanente vegar utover tilkomst veg til kraftstasjon, for å redusere dei negative sumeffektane omfattande utbyggingsplanar av småkraft i nærleiken for på landskapet i området.*

Tiltakshavers kommentar:

Ad. Pkt 1: Uttalelsen tas til etterretning.

Ad. Pkt 2: Før oppstart av anleggsarbeider vil det bli utført befaring i samarbeid med arkeolog fra fylkeskommunen.

Ad. Pkt 3: Etter befaringa vil det bli laget en rapport med konsekvensvurderinger.

Ad. Pkt 4: Avbøtende tiltak vil være å sette opp rugekasser for fossefallet på egnede steder.

Ad. Pkt 5: Det skal ikke bygges permanente veier i tiltaksområdet. Det skal ryddes opp skikkelig i rørgata etter at anleggsarbeidene er slutført. Rørgata skal ikke tilsås med fremmede arter, men revegeteres med stedlig vegetasjon.

Odda kommune uttaler, gjengitt i kursiv:

Rådmannens forslag til innstilling:

Odda kommune tilrår at det gis konsesjon for utbygging som omsøkt av Kolåsåna og Stølsåna forutsatt oppfølging av de avbøtende tiltakene som er nevnt i søknaden.

Rådmannen i Odda

19.06.2013 Odda kommunestyre

Behandling:

Komiteleiar i UTK: Eivind Tokheim (V) orienterte om gjennomført synfaring i regi av UTK.

OK-066/13 Vedtak:

Instillinga vart vedteken med 26 mot 1 stemme (Rasmussen (A))

Tiltakshavers kommentar:

Uttalelsen fra Odda kommune tas til etterretning.

Statens vegvesen uttaler:

Ved bygging av Kolåsåna kraftstasjon vil vi peke på følgende forhold:

- Det er en generell byggegrense på 50 meter langs rv. 13 dersom det ikke er regulert for annet.
- I rammeplan for avkjørsler er rv. 13 klassifisert som veg med svært streng holdning, som bl.a. innebærer at "nye avkjørsler og utvida bruk av eksisterende avkjørsler blir godkjent etter reguleringsplan eller godkjent detaljplan etter veglova".
- Ev. kryssing av rv. 13 med krafthinjer.

Vi har utover dette ingen merknader til søknaden.

Tiltakshavers kommentar:

Mellom kraftstasjonen og rv. 13 renner elva Brattlandsåna. Stasjonen plasseres mellom elvene Kolåsåna og Stølsåna. Avstand til senterlinja for rv. 13 blir ca. 50 m. For atkomst til stasjonsområdet benyttes eksisterende traktorvei. I anleggsfasen vil det være noe økt kjøring via avkjørselen for traktorveien. Det vil bli søkt om utvidet bruk av avkjørselen. I driftsfasen blir det ikke nevneverdig trafikk. Kraftkabelen føres østover til ei eksisterende 22 kv-linje."

Tilleggsopplysningar

Etter sluttsynfaring 12.09.2013 kom søkar i e-post av 25.09.2013 med ei presisering angående val av inntakstype:

"Viser til sluttbefaring av Kolåsåna 12.09.2013. Vi sa da at vi skulle komme med en tilbakemelding angående valg av damtype.

Kolåsåna består av inntak i to elver. Kolåsåna og Stølsåna. I søknaden er det søkt om å bygge dammene som en løsmasseterskel. Siden denne søknaden ble sendt inn har Coandainntak kommet som et veldig bra alternativ til inntaksløsning. I dette prosjektet ser vi det som meget sannsynlig at det vil bli denne løsningen som blir valgt.

Dere kan derfor ta som utgangspunkt i saksbehandlingen at det vil bli bygget Coandainntak i Kolåsåna og Stølsåna.

Fordelen med Coandainntak er at det er tilnærmet vedlikeholdsfritt. Det vil også gi et mindre inngrep i form av mindre oppdemning av inntaket."

På spørsmål frå NVE, kom søkar i e-post av 8.11.2013 med ei presisering av maksimalt vassuttak frå kvar av dei to elvane:

"Forholdet mellom slukeevne og middelvannføring settes likt på de to elvene.

Dette medfører at Kolåsåna får en største og minste slukeevne på hhv. 0,62 m³/s og 0,03 m³/s. Stølsåna får en største og minste slukeevne på hhv. 0,23 m³/s og 0,01 m³/s."

NVEs vurdering

Hydrologiske verknader av utbygginga

Kraftverket nyttar eit nedbørfelt på 3,75 km² og 1,3 km² ved inntaka i høvesvis Kolåsåna og Stølsåna. Middelvassføringa er berekna til 311 l/s i Kolåsåna og 116 l/s i Stølsåna. Effektiv innsjøprosent er på 0,5 % i Kolåsåna og 0 % i Stølsåna. Avrenninga varierer frå år til år med dominerande vårflaum, men flaum kan inntreffe til alle tider av året. Lågaste vassføring opptrer gjerne om vinteren. 5-persentil sommar- og vintervassføring er berekna til høvesvis 42 l/s og 18 l/s i Kolåsåna og 16 l/s og 7 l/s i Stølsåna. Alminneleg lågvassføring for Kolåsåna og Stølsåna ved inntaket er berekna til høvesvis 19 l/s og 7 l/s. Maksimal slukeevne i kraftverket er planlagt samla å vere 850 l/s. Dette utgjer 620 l/s frå Kolåsåna og 230 l/s frå Stølsåna. Minste slukeevne vil vere 30 l/s i Kolåsåna og 10 l/s frå Stølsåna. Det er foreslått å sleppe ei minstevassføring heile året på 19 l/s i Kolåsåna og 7 l/s i Stølsåna. I følgje søknaden vil dette medføre at 69 % av tilgjengeleg vassmengd vert nytta til kraftproduksjon

NVE har ikkje kontrollert det hydrologiske grunnlaget i søknaden. Alle berekningar på basis av andre målte vassdrag vil ved skalering til det aktuelle vassdraget vere hefta med feilkjelder. Dersom spesifikt normalavløp er berekna med bakgrunn i NVE sitt avrenningskart, vil vi påpeike at desse har ein usikkerheit på +/- 20 % og at usikkerheita aukar for små nedbørfelt.

Kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne tilsvarande 200 % av middelvassføringa og foreslått minstevassføring er 19 l/s i Kolåsåna og 7 l/s i Stølsåna gjennom heile året. Restvassføringa rett nedstraums inntaket vil vere prega av dette. Det meste av restvassføringa vil komme i flaumperiodar. Dei store flaumvassføringane vert i liten grad påverka av utbygginga. I følgje søknaden vil det vere overløp over dammane 55 dagar i eit middels vått år. I 95 dagar vil vassføringa vere lågare enn summen av minste driftvassføring og minstevassføring, og difor for liten til at det kan produserast kraft. I slike tilfelle må kraftverket stoppe og heile tilsiget sleppast forbi inntaket. Tilsiget frå restfeltet vil i gjennomsnitt bidra med 23 l/s i Stølsåna på nivå med kraftstasjonen og med 36 l/s i Kolåsåna.

NVE meiner at omsøkt slukeevne tek vare på noko av vassdraget sin naturlige vassføringsdynamikk ved at det er overløp eit visst tal dagar i året.

Produksjon og kostnader

Søkjar sine berekningar viser at ei utbygging som omsøkt vil gje ein årleg produksjon på 6,2 GWh. Utbyggingsprisen er 4,96 kr/kWh. NVE har ikkje kontrollert berekningane.

Landskap/friluftsliv/brukarinteresser

Tiltaksområdet ligg i Odda kommune i Hordaland. Det omsøkte tiltaket ligg i Brattlandsdalen i ei søraustvendt li. Kolåsåna renn sør/søraust og Stølsåna aust/søraust før dei begge munnar ut i Brattlandsdalsåa som renn nord sør gjennom dalen. Det ligg nokre fritidsbustadar i nærleiken av kraftstasjonsområdet og der er også noko dyrka mark. Næraste fastbuande er ein av grunneigarane til prosjektet.

Både Stølsåna og Kolåsåna inneheld nokre fine vassdragsselement med små fossefall og strykparti. Ved fråføring av vatn vil desse elementa naturleg nok misse ein del av sine karaktertrekk. Elvene er lite synlege på avstand, og NVE vurderer dei ikkje som markerte landskapselement. Området dei ligg i skil seg heller ikkje ut som eit landskap med spesiell karakter eller høg verdi. Det er ikkje spor etter utstrakt bruk av området til friluftsføremål. Området er ikkje mykje brukt verken til fiske, bærplukking eller som eit generelt turmål utover det friluftsliv som grunneigarane sjølve står for. Slik NVE

vurderer det vil ikkje fråføring av vatn frå desse elvene vere til særleg ulempe for landskaps- og friluftslivsinteresser i området.

Det er ikkje planlagt permanent veg til inntaka i dei to elvene. Lia her er svært bratt og ein permanent veg ville truleg måtte svinge seg oppover og såleis utgjere eit stort terrenginngrep.

Øvste del av Stølsåna renn svært bratt og det vil her kunne bli vanskeleg å legge røyrkata utan å måtte sprengje seg gjennom ein relativt stor knaus. Dette vil gje store inngrep i landskapet, som truleg vil vere synleg nede frå riksvegen og frå garden til ein av grunneigarane bak søknaden. NVE vurderer at dette er forhold som til ein viss grad kan avbøtast ved å tillegge det spesiell merksemd i detaljplan.

Det aktuelle utbyggingsområdet ligg i austkanten av eit inngrepsfritt område med middels verdi. Etablering av inntak som omsøkt vil redusere INON sone 2 med 1,9 km². Dette utgjer 8,6 % av det totale INON-området. NVE er einige med Fylkesmannen i at tap av INON er uheldig. Vi meiner også at med god detaljplanlegging, kan ein gjere mykje for at nærliggande område skal kunne behalde noko av landskapskvalitetane knytt til eit urørt landskap, sjølv om området ikkje lenger kvalifiserer til definisjonen urørt etter INON-systemet.

Naturmangfald

Akvatisk miljø

Både Stølsåna og Kolåsåna er rasktrennande frå inntak til kraftstasjon. Det er få kulpar som er eigna som opphaldsområde for fisk i elvene. Verdien for fisk vert ut i frå dette vurdert å vere liten. Faun Naturforvaltning AS har i sin rapport vurdert vassdraget å vere fisketomt. Fråføring av vatn vil redusere vassdekt areal og dermed også produksjonen av botndyr og anna vasstilknytt fauna. NVE støttar seg på føreliggande informasjon og vurderer at Kolåaåna og Stølsåna ikkje innehar verdier utover det som er vanleg innanfor dette temaet. Vi ser likevel at det er viktig med tilstrekkeleg minstevassføring for å oppretthalde noko produksjon i elva og ivareta noko av det biologiske mangfaldet. Slik vil ein til ein viss grad kunne oppretthalde den økologiske balansen som fins i elva.

Terrestrisk miljø

Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller sjeldne vegetasjonstypar i influensområdet til kraftverket. Langs nedre delar av vassdraget dominerer blandingsskog av yngre bjørkeskog med rogn og gran. Langs elveløpet dominerer grov blokkmark med mykje sigdmose og etasjehusmose der steinane ikkje er vaska reine av flaumvassføring. Bjørk er dominerande treslag heilt opp mot inntaket, men oppover i lia finn ein større innslag av rogn, selje og ørevier. Mindre parti langs Kolåsåna er påverka av fuktsig i skråninga ned mot elva. Her finn ein storbregnevegetasjon. Ved ca kote 570 i Kolåsåna er det ei mindre bekkekløft med 50 m lengde. Denne er vurdert å vere for liten til å bli skilt ut som eigen naturtype. Også i Stølsåna, på kote 490 finn ein ei mindre bekkekløft. Liten utstrekning og mangel på kontinuitet i tresjiktet er grunnen til at denne ikkje er registrert som eigen naturtype med lokal verdi.

Det er ikkje registrert raudlista fugl eller pattedyr i området. Det er sporteikn etter hjort, og det er sannsynleg at fossefall fins i vassdraget.

Ut i frå eksisterande kunnskap vurderer NVE at det planlagde tiltaket ikkje vil påverke terrestriske naturverdier av stor verdi. Vegetasjon knytt til vassstrengen vil kunne bli påverka av fråføring av vatn. Ein vil kunne få eit skifte frå fuktkrevjande artar mot meir tørketolerante artar. Minstevassføring vil truleg kunne vere med å oppretthalde noko av den vegetasjonen ein har i dag.

Forholdet til naturmangfaldlova

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om Kolåsåna kraftverk legg vi til grunn bestemmingane i naturmangfaldlova §§ 4 og 5 samt §§ 8-12.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, miljørapport og høyringsuttalar, samt NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 21.10.2013. Etter NVEs vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, samt for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlaget er godt nok jamfør naturmangfaldlova § 8. Dette er ei oppfatning vi deler med Fylkesmannen.

I influensområdet til Kolåsåna kraftverk fins det ingen registrerte naturtypar eller raudlista artar. Ei eventuell utbygging av Kolåsåna og Stølsåna vil etter NVE si meining ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar, artar eller økosystemet gjeve i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

NVE har også sett dette i samanheng med anna påverknad på naturtypane, artane og økosystemet. Det fins ingen planlagde eller allereie bygde kraftverk, som deler landskapsrom med Kolåsåna kraftverk. Brattlandsdalsåna, elva som Stølsåna og Kolåsåna munnar ut i, er sterkt regulert av ei større utbygging (Suldalsreguleringa). Det er elles fleire kraftverk og planlagde utbyggingar i Røldal og i Odda kommune generelt. Det er ikkje registrert raudlista artar eller viktige naturtypar i influensområdet til Kolåsåna kraftverk. Slik sett vurderer NVE at verknadane for biologisk mangfald ikkje går utover det området som vert direkte påverka av ei ev. utbygging. Prinsippet om samla belastning i naturmangfaldlova § 10 er vurdert og er ikkje avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

Etter NVEs vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal tilleggast særleg vekt.

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil bli spesifisert nærare i våre merknadar til vilkår dersom det vert gjeve konsesjon. I tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12, vil det vere tiltakshavar som ber kostnadane av dette.

Kulturminne

Det er ikkje kjent at det fins automatisk freda kulturminne i området. Fylkeskommunen stiller krav om arkeologisk undersøking etter § 9 i kulturminnelova før tiltaket vert sett i verk. Dersom konsesjon vert gjeve vil dette bli ivareteke som del av konsesjonsvilkåra.

Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser

NVE er ikkje kjent med at Stølsåna eller Kolåsåna er nytta som drikkevasskjelde.

Konsekvensar av kraftlinjer

Det er planlagt å kople kraftverket til eksisterande 22 kV linje med ein 70 m lang jordkabel. Den eksisterande linja går 70 m ovanfor den planlagde kraftstasjonen. NVE vurderer ikkje linjetilknyttinga til å ha negative konsekvensar for allmenne eller private interesser.

Samfunnsmessige fordelar

Ei eventuell utbygging av Kolåsåna kraftverk vil gje 6,2 GWh i eit gjennomsnittså. Denne produksjonsmengda vil kunne gje fornybar energi til vel 300 husstandar og reknast som vanleg for eit småkraftverk. Småkraftverk utgjer eit viktig bidrag i den politiske satsinga på fornybar energi. Det omsøkte tiltaket vil gje inntekter til søkjar og grunneigarar og generere skatteinntekter. Vidare vil Kolåsåna kraftverk styrke næringsgrunnlaget i området og vil dermed kunne bidra til å oppretthalde lokal busetnad.

Oppsummering

Ei utbygging etter omsøkt plan vil gje om lag 6,2 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon. Dette er ein produksjon som er vanleg for småkraftverk. Sjølv om dette isolert sett ikkje er eit vesentlig bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjer småkraftverk samla sett ein stor del av ny tilgang dei seinare år. Dei to siste åra har NVE klarert om lag 1,9 TWh ny energi frå småkraftverk. Dei konsesjonsgjevne tiltaka vil vere eit bidrag i den politiske satsinga på småkraftverk, og satsinga på fornybar energi.

Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til kraftverket må ikkje verknadane bryte med dei føringane som er gjeve i Olje- og energidepartementet sine retningslinjer for utbygging av små kraftverk. Vidare må dei samla ulempene ikkje vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. NVE kan setje krav om avbøtande tiltak som del av konsesjonsvilkåra for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

Etter NVE si vurdering vil den viktigaste negative konsekvensen av det omsøkte tiltaket vere fråføring av vatn frå to elver. Det er ingen store interesser innan biologisk mangfald, landskap, friluftsliv, kulturminne eller anna i det aktuelle området. Vi meiner difor at med tilstrekkeleg minstevassføring og skånsam anleggsdrift vil tiltaket kunne akseptrast.

NVEs konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Kolåsåna Kraft SUS løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Kolåsåna kraftverk. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjelder berre løyve etter vassressurslova.

Forholdet til anna lovverk

Forholdet til energilova

Kolåsåna Kraft SUS har framlagt planar om installasjon av elektrisk høgspontanlegg som inneber 70 m 22 kV kabel til eksisterande linjenett.

Verknadane av linjetilknyttinga inngår i NVE si heilskaplege vurdering av planane, og er ikkje avgjerande for konsesjonsvedtaket.

Tiltakshavar innehar sjølv høgspenktkompetanse og vil i følgje søknaden sjølv stå for bygging og drift av anlegget. Odda Energi er områdekonsesjonær. Normalt sett blir slik nettilknytting gjort av områdekonsesjonær. Vi finn det ikkje nødvendig med ein eigen anleggskonsesjon etter energilova for høgspenntilknytting til 22 kV nett. Nødvendige høgspentanlegg, inkludert transformering, kan byggast i medhald av nettselskapet sin områdekonsesjon.

Dersom Kolåsåna Kraft SUS ønskjer eigen anleggskonsesjon, må det sendast inn søknad om dette når eksakt storleik på elektriske installasjonar er klar. NVE kan då meddele eigen anleggskonsesjon for kraftverket.

Odda Energi har uttala at det må påreknast eit anleggsbidrag ved tilkopling av Kolåsåna kraftverk og til ei forsterking av linjenettet. Det er per i dag uklart om det er kapasitet i lokalt 22 kV nett. Kolåsåna Kraft SUS uttaler at dei er villige til å betale anleggsbidrag for opprusting av nettet etter gjeldande regelverk.

NVE har ikkje gjort ei grundig vurdering av kapasiteten i nettet, og tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at avtale om nettilknytting er på plass før byggestart. NVE vil ikkje behandle detaljplanar før tiltakshavar har dokumentert at det er tilgjengelig kapasitet og at kostnadsfordelinga er avklara. Slik dokumentasjon må føreligge samtidig med innsending av detaljplanar for godkjenning, jamfør konsesjonsvilkåra post 4.

Forholdet til plan- og bygningslova

”Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker” gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette skjer med føresetnad om at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Forholdet til EU sitt vassdirektiv i konsesjonsbehandling hjå sektormyndigheita

NVE har ved vurdering av om konsesjon skal gjevast etter vassressurslova § 8 føreteke ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12 vedrørande ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skadar og ulemper ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som ein vurderer eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten. I vilkåra er det inkludert krav om minstevassføring og standardvilkår som etter post 5 i vilkåra gjev vassdragsmyndigheitene, inkludert Miljødirektoratet/Fylkesmannen, høve til å gje pålegg om tiltak som seinare kan betre tilhøva i det aktuelle vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket. Vidare har NVE vurdert at føremålet med inngrepet i form av fornybar energiproduksjon ikkje med rimelegheit kan oppnåast med andre middel som er vesentleg betre for miljøet. Både om inngrepet teknisk kan gjennomførast og kostnadar er vurdert.

Merknadar til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

Post 1: Slepp av vatn

Følgjande data for vassføring og slukeevne er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for konsesjon gjeve av NVE og fastsetting av minstevassføring:

		Kolåsåna kraftverk	Kolåsåna	Stølsåna
Middelvassføring	l/s		311	116
Alminneleg lågvassføring	l/s		19	7
5-persentil sommar	l/s		42	16
5-persentil vinter	l/s		18	7
Største slukeevne	l/s	850	620	230
Største slukeevne i % av middelvassføring	%	200	200	200
Minste driftsvassføring	l/s	40	30	10

Det er i søknaden planlagt å sleppe minstevassføring lik alminneleg lågvassføring på høvesvis 19 og 7 l/s i Kolåsåna og Stølsåna heile året. Med denne minstevassføringa er det berekna ein årleg produksjon på 6,2 GWh i eit gjennomsnittså. Fylkesmannen ber NVE sikre ei tilstrekkeleg vassføring for å oppretthalde opplevingsverdien av elva.

Ei tilstrekkeleg minstevassføring er viktig for å oppretthalde ein viss produksjon i elva. spesielt i sommarsesongen er planter knytt til elvestrengen avhengige av eit stabilt fuktig miljø. Botndyr vil vere avhengige av nok vatn heile året. Det er ofte naturlege skilnadar mellom sommar og vinter i eit elv. Ei minstevassføring i storleiksorden med dei sesongmessige lågvassføringane vil etter vår vurdering vere riktig med tanke på flora og fauna. På denne måten vil ein også til ein viss grad kunne oppretthalde den naturlege dynamikken i vassføringa gjennom året, noko som også vil vere positivt for landskapsverdien til elvene.

Ut i frå dette fastset NVE ei minstevassføring på 40 l/s og 15 l/s for høvesvis Kolåsåna og Stølsåna i tida 1.5-30.9 og høvesvis 20 l/s og 5 l/s resten av året. I forhold til søknaden vil dette gje ein reduksjon i produksjonen på 0,3 GWh/år basert på oppgitt energiekivalent. Samla produksjon vil då bli redusert frå 6,2 GWh til 5,9 GWh/år. Etter vårt syn er ikkje denne reduksjonen avgjerande for økonomien i prosjektet.

Det skal etablerast ei måleanordning for registrering av minstevassføring. Den tekniske løysinga for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast gjennom detaljplanen. Data skal leggst fram for NVE på førespurnad og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

Dersom tilsiget er mindre enn minstevassføringskravet, skal heile tilsiget sleppast forbi.

Ved alle stader med pålegg om minstevassføring skal det setjast opp skilt med opplysningar om bestemmingar kring slepp av vatn som er lett synleg for allmennheita. NVE skal godkjenne merking, utforming og plassering av skilta.

NVE presiserer at start-/stoppkøyring av kraftverket ikkje skal skje. Kraftverket skal køyrast jamt. Inntaksbassenget skal ikkje nyttast til å oppnå auka driftstid, og det skal berre vere små variasjonar i

vasstand knytt til opp- og nedkøyring av kraftverket. Dette er primært av omsyn til naturens mangfald og mogleg erosjonsfare.

Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Detaljerte planar skal leggest fram for NVE sitt regionkontor i Førde og godkjennast av NVE før arbeidet startar.

Før utarbeiding av tekniske planar for dam kan starte, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt NVE og vedtak fatta. Konsekvensklassen er bestemmande for dei krav til sikkerheit som stillast til planlegging, bygging og drift, og må difor vere avklara før arbeidet med tekniske planar startar.

NVE sitt miljøtilsyn vil ikkje ta planar for landskap og miljø til behandling før anlegget har fått vedtak om konsekvensklasse.

Tabellen under prøver å oppsummere føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel skje at det er gitt føringar andre stadar i dokumentet som ikkje har komme med i tabellen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

NVE har gitt konsesjon på følgjande føresetnadar:

Inntak	Inntaksdam i Kolåsåna og Stølsåna skal plasserast på kote 660, i tråd med det som er oppgitt av søkjar i søknaden, men nøyaktig plassering kan justerast ved detaljplan. Søkjar har planlagt å nytte coandainntak for å minimere behov for vedlikehald. Teknisk løysning for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast av NVE.
Vassveg	Søknaden beskriv nedgrave røyrgate på heile strekninga. Dette kan ikkje endrast ved detaljplan. Dei to røyrgatene frå inntaka i Kolåsåna og Stølsåna er planlagt kopla saman på kote 550. Nøyaktig punkt for samankopling kan justerast ved detaljplan. Det bør viast særskilt merksemd til øvste del av røyrgata frå Stølsåna, sidan denne kan by på anleggstekniske utfordringar og potensielt gje store sår i landskapet.
Største slukeevne	Søknaden oppgir 850 l/s som største samla slukeevne. Dette utgjer 620 l/s frå Kolåsåna og 230 l/s frå Stølsåna.
Minste driftsvassføring	Søknaden oppgir 30 l/s og 10 l/s som minste slukevne i høvesvis Kolåsåna og Stølsåna.
Tal turbinar/turbintype	1 stk Peltonturbin med installert effekt 2,1 MW
Veg	Det er planlagt midlertidig anleggsveg i røyrgetraseane og ei forsterking av eksisterande avkøyrse frå riksvegen som tilkomst til kraftstasjon. Vegar skal byggast i tråd med det som er oppgitt i søknaden, men kan justerast i samband med

	detaljplan.
--	-------------

Det er gjeve i tabellen i kva grad justeringar kan gjerast i samband med detaljplanlegginga. Dersom det ikkje er gjeve spesielle føringar kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Anlegg som ikkje er bygd i samsvar med konsesjon og/eller planar godkjent av NVE, inkludert også planlagt installert effekt og slukeevne, vil ikkje ha rett til el-sertifikat. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen sjølv om det i dag synast lite aktuelt å pålegge ytterligare avbøtande tiltak. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknad av tiltaket.

Post 6: Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varslings av aktuelle instansar dersom ein kjem over kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminnelova § 8 (jf. Pkt.3 i vilkåra).

Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gjev heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere nødvendig.

Andre forhold

Viser til Statens Vegvesen sin uttale og minner om at det må søkast om auka bruk og opprusting av avkøyrse frå RV13

Vedlegg

Kart